

Sogn Teaterforum  
Postboks 99

6851 SOGNDAL  
Tlf 57628658

KOMM. OG REG. DEP	
24 JAN 2005	
04/2771-145	
Ark.	013
Avd.	RA/SSA/MAG

Til Kommunal- og regionaldepartementet  
Postboks 8112 – Dep

0032 OSLO

UTTALE TIL DISTRIKTSKOMMISJONENS UTREDNING,  
NOU 2004:19

*I meldinga les vi "Innenfor kultur og idrett bør flere av riksinstitusjonene for kunst- og kulturformidling (blant annet Riksteatret) vurderes avviklet til fordel for en styrket kulturaktivitet i regionene. Det vil si at midlene eventuelt bør overføres til det regionale nivået."*

Det er stor interesse for å sjå teaterframsyningane til Riksteatret i Sogn og Fjordane. I Sogn er interessa stor både blant vaksne og ungdom. Sogndal kulturhus har etablert seg som eit av dei beste spelestadane til Riksteatret i heile i landet. Sogn Teaterforum har i samarbeid med Riksteatret prøvd å skape grobotn for å auke interessa for profesjonell scenekunst blandt ungdom i distriktet. Riksteatret sine framsyningar er avgjerande i denne satsinga. Publikum kjem for å sjå dei gamle klassikarane og danseframsyningane. Besøktala viser at interessa for god profesjonell scenekunst har auka. Satsinga har gjeve resultat. Fleire skuleklassar i distriktet har valgt å sjå dei store klassikarane som Riksteatret har sett opp.

Ungdommen kjem når Riksteatret har framsyningar.

Riksteatret har Sogndal som 1 av 10 spelestader i landet der dei syner profesjonelle danseframsyningar. I "Kulturmeldinga" har politikerna sagt at DANS er eit satsingsområde innan den profesjonelle scenekunsten. Distrikta har fått oppleve dette gjennom Riksteatret sine framsyningar. Takka vera denne satsinga har vi fått oppleve denne kunstformen. Interessert ungdom og kreative lærarar har hatt "Work-shops" i tilknytning til fleire av turneane. Riksteatret har stillt opp og delteke med dansarar og instruktørar på desse samlingane.

I Sogn har vi erfart at ungdommen fyller alle stolane i kulturhuset når Riksteatret kjem på turne med danseframvisningar. Det skapar engasjement og gjer at ungdommen set pris på tilbodet. I samarbeid med kulturhuset i Sogndal har Sogn Teaterforum etablert eit nett av teaterkontakter på arbeidsplassar i regionen. Vi har satsa på å nå publikum på nye arenaer og gjennom kontaktpersonar. Målretta informasjon har skapt engasjement. Nettverk er bygd. Riksteatret er grunnstamma i satsinga vår for å styrkje interessa for det profesjonelle scenekunsttilbodet i Sogn. Vi kan ikkje sjå at distriktskommisjonens utredning på nokon måte kjem med reelle alternativ til korleis ein tenkjer seg at dei økonomiske midlane til Riksteatret kan gje distrikts-Norge eit tilsvarande profesjonelt scenekunsttilbod som Riksteatret gir Sogn og Fjordane.

Slik vi ser det vil konsekvensen av å avvikle Riksteatret bety ei rassering av det einaste nasjonale profesjonelle scenekunsttilbodet av høg klasse som turnerar i heile landet.

Sogndal, 13.01.2005

For Sogn Teaterforum

  
Ellen Tove Lindblom

leiar

SOGN TEATERFORUM

Postboks 99

6851 Sogndal

Vedlegg til uttale til DISTRIKTSKOMMISJONENS UTREDNING:

**HVA BETYR RIKSTEATRET FOR TEATERTILBUDET I SOGN OG FJORDANE?**

- Riksteatret står for ca 80 % av det profesjonelle scenekunsttilbudet i Sogn og Fjordane.
- Riksteateret spiller i Førde, Florø, Nordfjordeid, Stryn og Sogndal.
- Førde/Florø, Nordfjordeid/Stryn og Sogndal mottar ca 10 oppsetninger i året fra Riksteatret.
- \* Sogndal er et av de beste spillestedene for Riksteatret i hele landet.
- Fylket har også et regionteater: Sogn og Fjordane Teater. Kan aldri erstatte Riksteatret.
- Regionteatret har i hovedsak 2 oppsetninger i året. Riksteatret har 10.
- Om Riksteatret forsvinner betyr det at midlene fordeles til Sogn og Fjordane Teater?
- Vil publikum se på tilbudet fra Regionteatret som like attraktivt som fra Riksteatret? Vi mener NEI.
- Tilbudet fra Sogn og Fjordane Teater eller andre regionale tilbud kan ALDRI erstatte RIKSTEATRET!
- Om politikerne tror dette må de være både døve og blinde i forhold til Statistikk over besøkstall og kritikker som presenteres både fra Riksteatret og Sogn og Fjordane Teater!
- Distrikts-Norge vil bli sulteforet med et profesjonelt scenekunsttilbud dersom RIKSTEATRET blir nedlagt!!!

Hilsen Sogn Teaterforum